

Tabell C-k

Saker med særskild fordeling. Kommunane.

Følgjande saker er gitt ei særskild fordeling innanfor innbyggjartilskotet i 2013:

| Kol. | Sak | Departement | Beløp i 1 000 kr |
|------|----------------------------------|-------------|---------------------|
| 1 | Inndelingstilskot | KRD | 93 593 |
| 2 | Trekk Nannestad og Ullensaker | KRD | -19 350 |
| 3 | Kompensasjon samhandlingsreforma | KRD | 315 065 |
| | SUM | | 389 308 |

Kolonne 1 – Inndelingstilskot

Inndelingstilskotet blir gitt som kompensasjon til kommunar som sluttar seg saman. Inndelingstilskotet blir fryst reelt i 15 år, og blir deretter trappa gradvis ned over 5 år. For nærmere omtale av inndelingstilskotet blir det vist til innleiinga og til kapittel 18.2 i St.prp. nr. 64 (2001–2002) *Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2003*. I 2013 blir det gitt inndelingstilskot til seks kommunar (kommunane Re, Vindafjord, Aure, Bodø, Kristiansund, Inderøy og Harstad).

Kolonne 2 – Trekk Nannestad og Ullensaker

Nannestad og Ullensaker har i perioden 1993–2008 motteke finansieringsbistand i form av skjønnsmidlar i samband med etableringa av Oslo Lufthavn, Gardermoen. Totalt har kommunane motteke 735,5 millionar kroner, der 387 millionar kroner skal tilbakebetalast i 20 like store avdrag frå og med 2009. Dette blir gjort ved eit trekk i rammetilskotet til Nannestad og Ullensaker på 7,43 og 11,92 millionar kroner årleg t.o.m. 2028.

Kolonne 3 – Kompensasjon samhandlingsreforma

Frå og med 1. januar 2012 fekk kommunane medfinansieringsansvar for medisinske opphold og konsultasjonar i spesialisthelsetenesta og betalingsansvar frå dag 1 for utskrivingsklare pasientar som blir liggande på sjukehus.

I sum vart det overført nok midlar til å dekke utgiftene ved kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar i 2012. For enkeltkommunar kan det være noko avvik mellom historisk sjukehusforbruk for den enkelte kommune (dvs: ei tenkt rekning om kommunane hadde hatt dette ansvaret dei siste åra) og fordelinga etter kostnadsnøkkelen. Dei kommunane som dei siste åra før samhandlingsreforma hadde hatt eit høgare forbruk innan kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar enn det dei ville få når midlane vart fordelt etter kostnadsnøkkelen, fekk derfor i ein overgangsperiode ein eigen kompensasjon. Fordelinga vil liggje fast i tre år. Samla kompensasjon var på 305 mill. kroner i 2012. I 2012 er kompensasjonen prisjustert, medan fordelinga mellom kommunar er lik som i 2012.

Kolonne 4 – Sum saker med særskild fordeling

Summen av kolonne 1 – 3. Talet er nytta i tabell 2-k, kolonne 3. Tilskota er lagt inn i inntektssystemet, men er halden utanfor berekninga av inntektsgarantiordninga i 2013.